
Fra: Arvid Kjerstad Aasgard <arkaa@statoil.com>
Sendt: 12. mai 2014 12:24
Til: Postmottak Radøy
Emne: Fiberutbygging

Ser på kommunen sine nettsider om muligheten til utbygging av fiber på Austebygd/Sletta. Eg bur heilt sør på Sletta, Slettevegen 641A. Eg har internett tilgang via telefonlinjene, men det er begrensa kapasitet på linja. Når ein er åleine, er det brukbart, men når familien er samla er det ikkje tilfredsstillande. Ein normalt sammensett familie, 4-5 mobiler, 2-3 pc'er og gjerne eit og anna nettbbrett som skal dele på dei få mega-bytene som er tilgjengelig, så seier det seg sjølv at det går ikkje. Har eit abonnement på ei antall megabyte, og på ein god dag greier linja å levere halvparten. I vår meir digitaliserte kvardag, er det som om vi bur i nokre tiår tilbake i tid. I tillegg leiger eg ut i kjellaren, det er ikkje alltid det er tilgjengelig telefonledning eller plass i sentralen, for dei som leiger til internett-tilkopling. Det er ikkje tilfredsstillende å ha ein leilighet med tilkoplingsvakuum til internettet. Det har vore leigebuarar som har måtte ta i bruk mobilt nettverk fra Telenor. Det er slik at når ein skulle bruke f.eks. Skype, så måtte ein ta ein tur i bilen for å kunne finne nok signal til å føre ein samtale. Det er ikkje slik det skal være. Om ein bruker mobilt nettverk på Sletta, så er det mange mørke felt, uten dekning. Når telenor drømmer om å lage Norge trådlause, har dei ikkje tenkt på oss som bur her. Mellom Sletta og Little-Lindås i Austrheim er det så godt som ingen mobildekning. Fiber vil ikkje hjelpe på mobildekningen, men den vil gi bedrifter og privathus mulighet for gode signal på telefon, TV og internett. Når ein leiger ut f.eks. ein leilighet, Samfunnshuset «Skogen» eller liknande, så er du ikkje første valget om du ikkje kan tilby ein tilfredstillende internetttilkopling. Tenk deg muligheten, når du handler på Bunnprisen på Sletta, da har du eit ope wifi-tilkoplingspunkt. Sidan mobildekninga er så dårlig at du må langt ut på parkeringsplassen for å få dekning, så kan du kople deg opp på rask wifi og fremdeles ha kontakt med omverdenen. Etter handelen, nyte ein bolle eller softis og samtidig sjekke på nettet om korleis det går med Brann i serien eller sjekke om det har komme noko mail. Slike ting er heilt umulig i dag. Har snakka med naboer og andre, det høres ut som om det vil bli god respons på ein fiberutbygging, med tanke på tilkoplinger. Når fiberkabelen blir hengt opp i lys/tele-stolpene, så blir jo utbyggingskostnaden lavere enn om ein må grave grøft, for utbyggeren. Grøftene for å kople til i kvart hus blir jo til kvar huseigar, så for kommunen/utbygger, bør jo Austebygd/Sletta være ein rimelig plass å bygge ut fiber. Med helsing ein som garantert skal kople seg på fiberkabelen når den kjem forbi huset mitt, Arvid Aasgard.

information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.
Thank you